

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 22. mai 2017
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sak 7

SAKLISTE:

05/17 Godkjenning av protokoll frå møte 13.02.17

06/17 Referat- og orienteringssaker 22.05.17

07/17 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2016

08/17 Tilbakemelding på interimisrevisjon 2016

09/17 Revisor si egenerklæring for 2017

Eventuelt

Aksdal, 15.05.17

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign.)


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert i sak 7)
	Varamedlem	(til orientering, Pål S. Rullestad er innkalla for Sigve Sæle)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	22.05.17	05/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.02.17

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 13.02.17

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 13.02.17 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 13.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 15.05.17



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 13. februar 2017 blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.05
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ivan Kaldheim (H) og Ragni S. Fett (V)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1.vara Pål S. Rullestad (Ap) – møter fast for Sæle, 2. vara Nina Vierdal Vee (Sp)
FORFALL	Sigve Sæle (Sp) – innvilga fritak til 31.12.17 og Åse Langhelle (Frp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr - Deloitte as
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Siri Klokkestuen (Sp), rådmann Pål Nygård i sak 02/17
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.11.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 21.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 13.02.17:

Leiar gjekk igjennom protokollen.

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.17:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 21.11.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 13.02.17

1. Orientering frå rådmannen om «etiske retningslinjer og rutinar for handsaming av varslings og korrupsjon»
2. Statusrapport pr. februar 2017
3. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes – evaluering/oppsummering
4. Rapport frå NKRF-konferansen - evaluering/oppsummering
5. K-styrevedtak 15.12.16, sak 86/16 – Fritak frå politisk verv – Sigve Sæle
6. Årsrapport 2016 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
7. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 16.12.16
8. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 01.12.16
9. «Travle kontrollutvalg» – Kommunal rapport 26.01.17
10. Nye maler for normalberetninger 2016 – Informasjonsskriv 8/2016 frå NKRF

Handsaming i kontrollutvalet 13.02.17:

Etiske retningslinjer og rutinar for handsaming av varslings og korrupsjon – pkt. 1

Leiar orienterte om bakgrunnen for saka. Rådmannen viste til dei etiske retningslinjene for kommunen, som var vedlagt saka. Retningslinjene var vedtatt av kommunestyret i 2012 og gjeld for tilsette og folkevalde. Rådmannen meinte retningslinjene var gode, godt formulerte og var i aktiv bruk.

Rådmannen viste og forklarte om varslings- og avvikssystemet, inkludert varslingsskjema. Det er mogleg å varsle anonymt via dette systemet. Det blir alltid gitt tilbakemelding på varslingsar eller avviksmeldingar, der det er mogleg.

Medlemene hadde spørsmål mellom anna om avvikssystemet var enkelt å bruka, var det mogleg å koma med framlegg til endringar og om totalinntrykket av arbeidsmiljøet i kommunen. Rådmannen og ordføraren kommenterte og svara på spørsmåla.

Pkt. 2-10

Utvalssekretær gjorde greie for sakene. Konferansen i Sandnes var blitt evaluert i førre møte. Ragni S. Fett hadde delteke på NKRF-konferansen og ho orienterte om ein god og lærerik konferanse, med meir enn 700 deltakarar.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.17:

Referatsakene 1 - 10 vert tatt til orientering.

SAK 03/17 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering

Handsaming i kontrollutvalet 13.02.17:

Utvalssekretær gjorde greie for hovudinnhaldet i årsmeldinga. Utvalet slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.17:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016.

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2016 frå kontrollutvalet til orientering

**SAK 04/17 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS-
PROSJEKT – «SJUKEFRÅVÆR»**

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Sjukefråvær» i samsvar med vedlagte prosjektplan/og med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 13.02.17:

Leiar innleia. Forvaltningsrevisor Gåsemyr presenterte prosjektplanen som Deloitte hadde utarbeidd. Ho gjorde greie for og kommenterte dei sju problemstillingane revisor meinte ville vere dekkande for å utarbeide ein god og grundig rapport. Metode, gjennomføringsplan og ressursbruk gjorde ho også greie for.

Medlemmene peika mellom anna på at det var viktig å få med faktorar som kostnader ved sjukefråvær, bruk av bemanningsbyrå og om arbeidet med å redusere sjukefråværet blir arbeidd med systematisk. Revisor noterte seg dette, og at utvalet ønskjer rapporten ferdig til møtet 25. september.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 13.02.17:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Sjukefråvær» i samsvar med vedlagte prosjektplan.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 22.05.17, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 13. februar 2017

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	22.05.17	06/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.05.17

Saksvedlegg:

11. Statusrapport pr. mai 2017
12. E-post frå Etne Frp vedk. brot på kommunelova § 23-2, motteke 27.02.17
13. Førebels svar til Etne Frp – brev dagsett 01.03.17
14. Kontrollrapport 2016 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
15. Representantskapsmøte – 07.04.17 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
16. Representantskapsmøte – 24.04.17 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte – 25.04.17 – Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS (u.vedl.)
18. Representantskapsmøte – 28.04.17– Haugaland Vekst IKS
19. Representantskapsmøte – 24.05.17 - HIM IKS
20. Representantskapsmøte – 24.05.17 – Krisesenter Vest IKS (utan vedlegg)
21. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
22. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17

Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 11 - 22 vert tatt til orientering.

Aksdal, 15.05.17

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt mai 2017 – Kontrollutvalet i Etne

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Sjukefråvær	13.02.17	250 timar	Under utarbeiding	September 2017	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i k-styret	Planlagt oppfølging	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp KU/ KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	23.11.15	19.09.16	25.10.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2020	23.11.15	19.09.16	25.10.16		
Styring av investeringar	09.02.15/ 11.03.15	21.09.15	28.10.15	21.11.16/ 15.12.16	Avslutta
VA-området – Sjølvkost	22.01.14	22.09.14	28.10.14	11.05.15/ 08.02.16/ 21.11.16	Avslutta
Målstyring	13.05.13	18.11.13	25.02.14	10.11.14	Avslutta
Selskapskontroller					

Emne **VS: Ad. Brot på kommunelova §23-2**
 Avsender Ståle Tungesvik <stale@arcus-vita.no>
 Mottaker Odd Gunnar Høie <ogh@kontrollutvalgene.no>
 Dato 27.02.2017 12:48



Med vennlig helsing

Arcus Vita AS

Ståle Tungesvik
 Regnskapsmedarbeider
 Mob.nr: 48853166
 Mail: stale@arcus-vita.no

Haugaland
 Kontrollutvalgssekretariat IKS
 Mottatt dato: 27.02.17
 Journalført: 17/96/096
 Arkivkode: 216

Fra: Roger Nilsen [mailto:roger.nilsen@gmail.com]
Sendt: 22. februar 2017 19:42
Til: Ståle Tungesvik
Kopi: kenneth.karlsen.88; FrP Trude Enge; Roar Knudsen
Emne: Ad. Brot på kommunelova §23-2

Hei Ståle.

Litt forhistorie

Det har over tid, og då særleg frå ei spesifikk eining, vore slik at det ein får tilbake etter vedtak er avvikande frå vedtaket. Dette bunnar i at einingsleiar, og difor Rådmannen, har ein heilt annan oppfatning av kva veg Etne kommune skal gå og kva tiltak som skal gjerast. Kommunestyrevedtak har difor blitt sett på som noko som er sann cirka cirka, eller eit forslag om du vil. Leiinga har vore illojale til dei til eikvartid gjeldande vedtaka, og stadig stått bak omkampar (til dømes i samband med manglande budsjettdisiplin, neglisjering av føringar i innsparingskrav og enorme overskridingar kvart år), og ikkje minst oppvigleri overfor dei tilsette - mot politisk nivå. I tillegg får me rapportar om munnkorg, utskjelling av og trusler mot tilsette i (plenums-)møter. Slikt blir det konflikter av. I den planen som er presentert ligg det til og med inne to kulepunkt som direkte skuldar intern misnøye i eininga på "manglande politisk konsensus", og difor manglande politisk evne til å skapa ro i organisasjonen. Dette er jo heilt absurde påstandar i seg sjølve, og særleg fordi det slett ikkje er naudsynt med konsensus på politisk nivå (det er i strid med politikken natur), berre fleirtalsvedtak. Sjølv om kommunestyrevedtaket som vedtok utarbeiding av planen var samrøystes, - då blir det berre toskaskap!! Igjen så speglar det illojalitet frå leiarane/Rådmannen, som har til jobb å skapa konsensus rundt vedtak innad i organisasjonen. Rådmannen snur slik heile organisasjonskartet på hovudet, og me har i praksis eit rådmannsvelde, som berre i teorien fornedrar seg til å halda seg til øverste leiingsnivå - det politiske! I Grannar på måndag uttala til og med kommunalsjefen at eit vedtak berre var eit politisk forslag. Rådmannen påstår at det må stå for journalisten si rekning, men dette har garantert vore sagt - og fleire år med illojalitet til vedtak er det beste beviset for at det er slik dei ser på ting...

Sånn, då fekk eg av meg berre ein brøkdel av kva eg kunne tenkt meg å seie, men eg skal ikkje torturera deg heller.

I korte trekk har Rådmannen ikkje levert på:

- Bemanningsnorm på dei ulike omsorgsnivåa. Dette ligg i bestillinga nettopp fordi det dannar grunnlaget for kor mange årsverk ein må ha. I staden ligg det ved ein tabell basert på Devold si modellering (ikkje nærare definert) og avgrensa av dagens råmer utan omdisponering av midlar frå institusjon til heimeteneste.
- Rådmannen har laga framtidas plan for PLO basert på noverande råmer for institusjon og heimeteneste, dette ligg ikkje i vedtaket. Korleis skal ein kunne laga ein god plan for tenesteytinga i framtida basert på dagens situasjon og med ny sjukeheim på gang med slike avgrensingar? Og her kjem nok ein gong bemanningsnorma inn. Talet på sjukeheimplassar skal reduserast frå 44 til 30, og heildøgnsbemanna

omsorgsbustader skal auka med 16 - men ingen overføring av midler mellom institusjon og heimeteneste har blitt gjort, slik det ville vera naturleg å gjera dersom dei hadde fått beskjed om å laga plan etter dagens økonomi.

- Planen har i praksis redusert talet på HDO3-plassar i Skånevik frå 14 til 6, og gjort om dei 6 gjenståande til plassar for gruppa "lett demente". Dei øvrige 8 er i realiteten nedgradert til HDO2 (typisk bustadskipinga).

- Planen skiljer i realiteten på HDO3 i Etne og i Skånevik, med opning for høgare pleiefaktor i Etne, sjølv om vedtaket seier at dei skal vera likestilte.

- Vedtaket seier at det skal vera kjøkkendrift i Skånevik, dette vert no ei ustabil teneste gjennom at det kun skal vere ei kokke. Kokk nr 2 som skapar fleksibiliteten mistar si stilling i Skånevik, og då er det ingen som kan overta ved til dømes sjukefråvær. Rådmannen skuldar på 2 plassar mindre enn no i Skånevik, og 4 fleire i Etne. Dette til trass for at 2 rehab-rom med lavt belegg vert flytta til Etne.

- Planen definerer ikkje kriteriene (dei er ikkje tydlege i tenestestandardane eller planen) for dei forskjellige omsorgsnivå, ei heller kriteriene for innslag av meir hjelp grunna behov.

- Planen legg inn nye stillingsheimlar i dagens råmer for heimetenester, og slik reduserer kapasiteten ytterlegare. Dette er bevisst krisemaksimering i tråd med Rådmannen sin agenda, ikkje vedtaket - som jo krevjer ein plan for framtidens omsorg. Kva planen kjem til å kosta dersom den skal oppfyllest kjem i neste omgang.

- Planen er ikkje behandla i Komité Drift, sjølv om det er komitéens ansvarsområde i fylgje reglementet. Grunngevinga er at den har økonomiske konsekvenser. ALT har økonomiske konsekvenser, så då må Formannskapet ta alle saker då! Dessutan er bestillinga/vedtaket sjølve PLANEN, og føringar for korleis pasientgruppene skal fordelast. Økonomi-argumentet er sjølvpålagt, der Rådmannen har lagt inn at Sparepakke 1 vert innfridd, samt nytt gebyrregulativ. Innsparingane har ingenting i planen for framtidens omsorg å gjera, og dei ligg heller ikkje i vedtaket.

Det er for Etne FrP si kommunestyregruppe eit mysterium at Rådmannen stadig vekk jagar sin eigen agenda til trass for lovleg fatta vedtak. Den totale mangelen av forståing for kva ein PLAN for FRAMTIDA faktisk er, er skremmande, - og det har IGJEN kopt ned til omkamp på eit lovleg fatta og samrøystes kommunestyrevedtak.

Trur eg stoppar der førebels.

Vyrdsamt
Roger Nilsen
for Kenneth Karlsen, gruppeleiar Etne FrP



Etne Frp
v/gruppeleiar
E-post:roger.nilsen@gmail.com

Sendt pr. e-post 1/3-17

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
R. Nilsen	22.02.17	17/98/33/ogh	01.03.17

FØREBELS SVAR PÅ E-POST TIL KONTROLLUTVALET OM BROTT PÅ KOMMUNELOVA § 23-2

Me syner til e-post til leiar av kontrollutvalet i Etne, sendt 22.02.17. E-posten er mottatt og registret av sekretariatet 27.02.17.

Kontrollutvalet sine oppgåver er omtala i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner». Utvalet sine primæroppgåver er å sjå til at kommunen har ein forsvarleg rekneskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgåver på eit overordna nivå knytt til systemkontroll.

Kontrollutvalet skal ikkje vera eit klageorgan for enkeltvedtak eller ein arena for overprøving av politiske prioriteringar som er gjort av kommunalt folkevalde organ. Utvalet har heller ikkje mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre, må utvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje. Om kontrollutvalet skal handsame ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet.

Etne kontrollutval vil i neste møte 22.05.17 få e-posten lagt fram til orientering. Utvalet vil i møtet drøfte om saka ligg innanfor deira mandat. Det kan være aktuelt med ei orientering frå rådmannen på eit meir generelt nivå, eventuelt ein forvaltningsrevisjon.

Dersom det er ønskjeleg å formulere e-posten på ein meir formell måte, kan du sende ei korrigerert utgåve, som vil bli nytta i saksframlegget.

Du vil bli orientert om utfallet av saka når endeleg vedtak er fatta. Sakskart og protokollar frå utvalet sine møte blir lagt ut på nettsidene www.kontrollutvalgene.no.

Med helsing
Kontrollutvalet i Etne

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalssekretær



Skatteetaten

Sakshandsamar
Ane Mikalsen

Telefon
55578495

Dykkar dato

Dykkar referanse

Vår dato

15. februar 2017

Vår referanse

2016/68959

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 17.02.17
Journalført: 17/076 /osh
Arkivkode: 232

Kommunestyret i Etne kommune
Etne Tinghus
5590 Etne

Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Etne kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014
0,6	0,6	0,7

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse
Se www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr: 991733043

Sentralbord
800 80 000

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Etne kommune viser per 31. desember 2016 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 413 375 537 og uteståande restansar² på kr 9 875 733, av dette krav stilla på vent kr 68 304. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. 01. 2017.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2016 for Etne kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	11,1	97,9	96,0	96,3	96,3
Arbeidsgjevaravgift 2015	63,0	99,4	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skattytarar 2015	29,6	99,2	99,0	99,8	99,4
Forskotttrekk 2015	133,9	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2015	14,9	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	5,9	100,0	99,0	95,9	99,2

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Etne kommune kjøper arbeidsgjevarkontrollar av Hordaland kommunale regnskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2016 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2016	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utført kontroll 2016 region (i %)
199	10	5	2,5	2,6	3,3	4,6

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2016 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

5. Resultat av utført kontroll

- Intern kontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


- **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen vert likevel ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 2,5 % kontroller mot et krav på 5 %.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar for 2016 verken gjeve pålegg eller tilrådingar.


Venleg helsing


Jan Kåre Strøm
fung. avdelingsdirektør
Skatt vest


Oddmund Midtbø
seniorrådgjevar

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Etne kommune
- Skatteoppkrevjaren for Etne kommune
- Riksrevisjonen



Jnr. 1040.17
GJG/rr

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 14.03.17
Journalført: 17/105/tha/ogh
Arkivkode: 217

Representantskapsmedlemmer

INNKALLING TIL REPRESENTANTSKAPSMØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS

Det vert med dette kalla inn til ordinært representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag 7. april d.å kl. 09.30 på Haaheim gaard, Tysnes.

Då vert føre:

- Sak 01/17 Opning av møte. Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/17 Val av
- Referent
- Møteleiar
- To representantar til underskriving av protokoll
Sak 03/17 Godkjenning av årsmelding 2016
Sak 04/17 Godkjenning av rekneskap 2016
Sak 05/17 Godkjenning av budsjett 2017
Sak 06/17 Godkjenning av handlingsplan 2017
Sak 07/17 Godkjenning av revisor
Sak 08/17 Val av nytt styret 2017-2019
Sak 09/17 Val av representantskapsleiar og nestleiar 2017-2019
Sak 10/17 Næringsarbeid i Sunnhordland

Tidsplan:

- Kl. 09.30 Velkommen
Orientering om Haaheim gaard, matprosjektet og reiseliv v/ Torstein Hatlevik
Orientering om Geopark Sunnhordland v/ Brynjar Stautland
Saker til representantskapet
Kl. 12.00 Lunsj
Kl. 12.45 Event. forts. saker til representantskapet

Sunnhordland, 14. mars 2017

Ruth G. Ø. Eriksen (s.)
repr. leiar

Gro Jensen Gjerde (s.)
daglig leiar

PROTOKOLL

Måndag 24. april 2017 blei det halde møte i representantskapet for **Haugaland Kontrollutvalgsekretariat IKS**. Møtet blei leia av representantskapsleiar Olav Haugen.

MØTESTART / MØTESLUTT	kl. 17.00 – kl. 17.50
MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kantinen
REPRESENTANTAR SOM MØTTE:	Alf Aronsen , Karmøy kommune Svein Inge Huseby , Haugesund kommune Gunn Marit Lygre , Tysvær kommune Katrine Skorpe , Sauda kommune Øyvind Haraldseid , Vindafjord kommune Ståle Tungesvik , Etne kommune Olav Haugen , Sveio kommune Daghild G. Alvestad , Bokn kommune
MØTANDE VARAREPRESENTANT:	Tormod Skeie , Suldal kommune
FORFALL:	Vanja Ignjatic , Suldal kommune Marte Eide Klovning , Utsira kommune og varamedlem Tor Erling Skare , Utsira kommune
ANDRE SOM MØTTE:	Simon Næsse , for styreleiar/nestleiar Toril Hallsjø , dagleg leiar

FØLGENDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Handsaming i møte 24.04.17:

To representantar og ein vararepresentant hadde lovleg forfall. Ni av ti kommunar var representert og var såleis vedtaksføre. Representantskapet blei samd i at neste år ber sekretariatet alle representantane gje tilbakemelding om dei kan stille. Elles ingen merknader til innkallinga og sakslista.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og saksliste til representantskapsmøtet 24.04.17 blir godkjent.

SAK 2/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTET 25.04.16

Handsaming i møte 24.04.17:

Representantane hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Protokoll frå representantskapsmøtet 25.04.16 blir godkjent.

SAK 3/17 GODKJENNING AV STYRET SI MELDING OG ÅRS-MELDING 2016

STYRET SITT FRAMLEGG:

Styret si melding og årsmelding 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

Handsaming i møte 24.04.17:

Representantane hadde ingen spesielle merknader. Det låge sjukefråveret blei spesielt framheva.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Styret si melding og årsmelding 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent.

SAK 4/17 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016

STYRET SITT FRAMLEGG:

Årsrekneskapen for 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 35.342. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

Handsaming i møte 24.04.17:

Dagleg leiar opplyste at selskapet no, i tillegg til driftskonto og skattetrekkskonto, har ein kapitalkonto som følgje av at eigenkapitalen har auka dei siste åra. Representantane meinte det hadde vore god budsjettering og at det var viktig å ha midlar i reserve. Elles ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Årsrekneskapen for 2016 for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS vert godkjent slik det ligg føre med eit overskot på kr 35.342. Årets overskot vert lagt til opptent eigenkapital.

SAK 5/17 BUDSJETT 2018 – FØRESETNADER OG RAMMER

Handsaming i møte 24.04.17:

Konferansekostnader generelt blei diskutert. Representantane var samd i at det var viktig at sekretariatet deltok på denne typar samlingar og der ein møter andre utvalssekretærer. Elles ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner budsjett for 2018 slik det er lagt fram av styret:

Inntekter 2018		Utgifter 2018	
<i>Tilskudd</i>	<i>2.017.000</i>	<i>Lønn- og sosiale utgifter</i>	<i>1.747.000</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>-</i>	<i>Driftsutgifter</i>	<i>270.000</i>
<i>Inntekter totalt</i>	<i>2.017.000</i>	<i>Utgifter totalt</i>	<i>2.017.000</i>
<i>Resultat</i>	<i>0</i>		<i>0</i>

Eigartilskot frå eigarkommunane vert i 2018 følgjande:

<i>Karmøy kommune</i>	<i>365.000</i>
<i>Haugesund kommune</i>	<i>365.000</i>
<i>Tysvær kommune</i>	<i>192.000</i>
<i>Vindafjord kommune</i>	<i>192.000</i>
<i>Sveio kommune</i>	<i>172.000</i>
<i>Sauda kommune</i>	<i>172.000</i>
<i>Etne kommune</i>	<i>172.000</i>
<i>Suldal kommune</i>	<i>172.000</i>
<i>Bokn kommune</i>	<i>112.000</i>
<i>Utsira kommune</i>	<i>103.000</i>

Styret får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar, her under å disponera meirinntekter eller mindreutgifter, under føresetnad av at budsjettet går ut i balanse og kontingent for deltakarkommunane ikkje blir auka utover representantskapet sitt vedtak.

SAK 7 /16 ØKONOMIPLAN 2018-2021

Handsaming i møte 24.04.17:

Representantane hadde ingen spesielle merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Representantskapet for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner økonomiplan for perioden 2018-2021:

	2018	2019	2020	2021
Inntekter:				
Tilskudd	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Andre inntekter	0	0	0	0
Totalt	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Utgifter:				
Lønn og sos. utg.	1.747.000	1.777.000	1.830.000	1.885.000
Driftsutgifter	270.000	300.000	309.000	318.000
Totalt	2.017.000	2.077.000	2.139.000	2.203.000
Resultat	0	0	0	0

SAK 7/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

1. Selskapsavtalen, vedtatt 23.11.04, sak 3/04, sist endra 29.04.08, sak 3/08
2. Styreinstruks, vedtatt 03.12.13, sak 21/13
3. Overordna strategiplan 2016-2020, vedtatt 25.04.16, sak 12/16
4. Etske retningslinjer for HKS IKS – styrevedtak 18.09.14, sak 20/14
5. Sekretariatet - møteplan 2017
6. Oversikt over valde representantar og vararepresentantar for 2015-2019
7. Karmøy kommunestyre 26.10.16, sak 99/16 – Godtgjersle til representantskap i IKS

Handsaming i møte 24.04.17:

Dagleg leiar gjekk igjennom punkta. For pkt. 7 viste ho viste til vedtaket i fjor om godtgjersle og oppmoda dei andre til liknande vedtak. Representantane hadde ingen spesielle merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Referatsakene 1- 7 blir tatt til orientering

EVENTUELT


Ingen saker var meldt i forkant.


Representantskapet drøfta tidsbruk kontra reisetid for dei med lengst veg. Det blei gjort framlegg om bruk av videooverføring, medan andre var tydeleg på at fysisk frammøte var viktig, spesielt når det berre blei lagt opp til eitt møte pr. år.

Representantskapet drøfta om det i samanheng med representantskapsmøtet kunne leggjast inn eit føredrag eller eit tema i etterkant av møtet. Dagleg leiar og nestleiar viste til vidareføring av strategiplan, evt. anna, som aktuelt tema og ville drøfte framlegget med styret.

Møtedato neste år vil vere måndag 23.04.18.

Aksdal, 25. april 2017


Olav Haugen (sign.)
representantskapsleiar


Toril Hallsjø
dagleg leiar



Innkalling til møte i representantskapet for Haugaland Vekst IKS

DATO/TID: Torsdag 28.04.17

STED: Hemmingstad Kultursenter, Haugesund

TID: kl.09.00-10.00

Sakliste:

Sak 1/17: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 2/17: Behandling av årsregnskap 2016

Saksdokument ettersendes etter at styret har behandlet regnskapet.

Sak 3/17 Strategidrøfting

Ole Bernt Thorbjørnsen
styreleder

K. Tormod Karlsen
Adm.dir.

HIM
 Telefon 52 76 50 50
 Telefax 52 76 50 51
 e-post: him@him.as



Representantskapet

Skjold 26.04.17

INNKALLING TIL MØTE 24.05.17 I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes onsdag 24.05.17 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 19. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Kari Christensen, Krovågen 19, 5561 Bokn
Bokn	Kjetil Vatnaland, Lyngvegen 16, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Siri Klokkestuen, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Varaordfører Ingemund Berge, Silde, 5590 Etne
Haugesund	Gudrun Caspersen, Haugaleite 22 b, 5515 Haugesund
Haugesund	Nini Hæggernes, Fredrik Kolstøs gate 10, 5532 Haugesund
Haugesund	Synnøve Lunde, Fridtjof Øvrebøs gate 21, 5532 Haugesund
Haugesund	Arne Trygve Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Varaordfører Ola S. Apeland, Tysværvegen 608, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Vikevegen 1641, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr. e-post)

Styreleder i HIM, Arild Karlsen, Torbjørn Sandviks veg 10, 5584 Bjoa

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Jørgen Thuestad, Fyrvegen 13, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Tor Inge Eidesen, Haglandsvegen 139, 5514 Haugesund
Tysvær	Anita Halsnes, Førresdalen 20, 5563 Førresfjorden
Vindafjord	Wenche Sandbekken Lilleland, Fjellgardsvegen 884, 5583 Vikedal

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn

Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne

Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund

Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal

Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker

17.01 Protokoll fra møte i representantskapet 01.12.16


17.02 Orientering om drift i HIM og arbeid med ny strategisk plan v/adm.dir. Gro Staveland

17.03 Orientering om regnskap 2016 samt andre nøkkeltall ved økonomileder Knut Arvid Hagenberg

Vedtakssaker:

17.04 Årsmelding og regnskap 2016

Sigmund Lier
Leder i representantskapet



Gro Staveland
Adm direktør

Emne **SV: Barnevern**
Avsender FKT- Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Mottaker foreningenffb@gmail.com <foreningenffb@gmail.com>
Dato 03.04.2017 09:57



Til Foreningen Familie i barnevern

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 30.03.17

Journalført: 17 / 122 / tha / og h

Arkivkode: 216

Kopi: Til alle landets ordførere og FKTs medlemmer

Vi viser til foreningens epost «Barnevern» sendt til alle landets ordførere i begynnelsen av mars 2017.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommuner, fylkeskommuner og Sametinget. Medlemmer er kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg (etter kommuneloven) og deres sekretariater. FKT har i dag 165 kommuner og 8 fylkeskommuner som medlemmer, samt 22 kontrollutvalgssekretariater, som betjener mer enn 200 av landets kommuner og fylkeskommuner. For nærmere informasjon viser vi til våre nettsider: www.fkt.no.

I foreningens henvendelse til landets ordførere rettes det søkelys på et viktig tema, og kommunenes kontrollutvalg omtales en del i denne forbindelse. FKT ønsker å knytte noen kommentarer til denne omtalen, da vi oppfatter en viss begrepsforvirring knyttet til hva som er oppgaver for kontrollutvalget. Kommunens kontrollutvalg er opprettet med hjemmel i kommuneloven og ikke med hjemmel i Lov om barneverntjenester. Det folkevalgte organet kommunen kan (ikke må) opprette med hjemmel i Lov om barneverntjenester § 2 bli gjerne kalt et klientutvalg. Dette kan tillegges oppgaver etter barnevernloven og behandle enkeltsaker innenfor denne lovens virkeområde, slik det er beskrevet i barnevernloven § 2.

Kontrollutvalg etter kommuneloven har et annet ansvarsområde enn dette klientutvalget. Det er kommunestyret som har det overordnede kontrollansvaret for den kommunale virksomheten. Kontrollutvalget er kort fortalt kommunestyrets redskap for demokratisk tilsyn og kontroll for å sikre at den kommunale virksomheten, herunder barnevern, skjer i tråd med gjeldende lover og regler, kommunens egne planer og vedtak, samtidig som fokus settes på kvalitet og effektivitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggere. Kontrollutvalgets kjerneoppgave er å forstå det løpende tilsynet med den kommunale forvaltningen på kommunestyrets vegne. Utvalget inngår som en uavhengig, folkevalgt del av kommunens egenkontroll. I tillegg kommer administrasjonssjefens interne kontroll, jf. bl.a. hvordan dette er nedfelt i barnevernloven § 2-1 med tilhørende forskrift.

For å sikre kontrollutvalgets uavhengige og objektive stilling har kommuneloven strenge valgbarhetsregler for hvem som kan sitte i utvalget. Disse er konkretisert i kommuneloven § 77 punkt 2. FKT er ikke kjent med at ikke alle kommuner oppfyller disse kravene, men vi oppfatter at denne påstanden i foreningens epost kan knytte seg til det folkevalgte organet som kommunen kan opprette etter barnevernloven § 2.

Barnevern inngår som ett av mange virksomhetsområder i kommunens forvaltning som kontrollutvalget skal føre tilsyn med. Som hovedregel utfører kontrollutvalget sine oppgaver med utgangspunkt i planer for forvaltningsrevisjon fastsatt av kommunestyret, etter innstilling fra kontrollutvalget. Disse planene blir til etter en overordnet analyse av kommunens totale forvaltning basert på risiko- og vesentlighetsvurderinger. Gjennom planarbeidet velges de mest aktuelle områdene for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekter i inneværende kommunestyreperiode ut. Ressursene som blir stilt til rådighet for kontrollutvalget avgjør hvor mange slike prosjekter som kan gjennomføres det enkelte året og i den enkelte kommunestyreperioden. Med et slikt utgangspunkt er det ikke gitt at barnevern blir valgt ut blant de prioriterte områdene kontrollutvalget i den enkelte kommunen får i oppdrag av kommunestyret å se nærmere på gjennom forvaltningsrevisjon i hver kommunestyreperiode.

Hovedregelen er altså at kontrollutvalget arbeider planmessig. Dette er imidlertid ikke til hinder for at utvalget kan omprioritere, etter nærmere avtale med kommunestyret, hvis omstendighetene i den enkelte kommunen skulle tilsa det. Kontrollutvalgets tilsyn er systembasert, dvs. at utvalget svært sjelden vil engasjere seg i enkeltsaker, verken innenfor barnevern eller andre fagområder. Kontrollutvalget er heller ikke et klageorgan. Det er forøvrig riktig at kontrollutvalget har full innsynsrett i de saker, dokumenter mm. som de finner nødvendig for å utføre sitt arbeid.

Det er etablert et nasjonalt register over utførte forvaltningsrevisjoner i landets kommuner. Et raskt søk i dette registeret viser at det er utført ca. 200 forvaltningsrevisjonsprosjekter med barnevern som tema de siste 10 – 12 årene. Uten å ha gått nærmere inn på det, antar vi at flere av de «gjengangere» foreningen lister opp i henvendelsen til alle landets ordførere, inngår blant vurderingstemaene i mange av disse rapportene. FKT har for øvrig ingen forutsetninger for å vurdere hvorvidt dette antallet rapporter er mye eller lite i denne perioden. Som sagt baserer dette seg på konkrete risiko- og vesentlighetsvurderinger i hver enkelt kommune, hvor kommunestyret bestemmer.

Hvis det er ønskelig med mer informasjon om den kommunale egenkontrollen og systemet for kontroll og tilsyn i norske kommuner må foreningen gjerne ta kontakt. For øvrig viser vi til veilederen fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet: Kontrollutvalgsboken. Om kontrollutvalgets rolle og oppgaver (2. utg., desember 2015).

Med vennlig hilsen

Benedikte Muruvik Vonen

Styreleder

M: 90 58 90 43 | benedikte.vonen@temark.no

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 403 90 775 |

www.fkt.no | www.twitter.com/FKT_no |

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat

Til alle landets ordførere

Foreningen Familie i barnevern er en organisasjon som bistår familier som er under barnevernet. Vi er i kontakt med flere hundre familier over hele landet, og har fått innsyn i like mange saker. Vårt mål er å arbeide for at barnevernet kan bli en etat til det beste for barna ved å følge gjeldende lover, forskrifter og retningslinjer.

Vi samarbeider også tett med bl.a. Stortingsrepresentanter, advokater og psykologer.

Dagens nyhetsbilde er preget av saker som omhandler overgrep og lovbrudd innen barneverntjenesten, noe vi i foreningen mener bør være totalt unødvendig. Det er for øvrig vi i foreningen som fikk vår kjære ordfører til å ta tak i utfordringen i egen kommune. Resultatet er dagens medieoppslag vedr. Land barneverntjeneste.

Alle landets kommuner har myndighet til å sette seg inn i barnevernets arbeid gjennom sine kontrollutvalg. Vi i foreningen har funnet ut at de færreste kommuner faktisk benytter sine kontrollutvalg i forhold til barnevernssaker.

Departementets retningslinjer i hht. kontrollutvalgets mandat kommer klart frem i Lov om barneverntjenester § 2 hvor det står: «*Kommunen skal ha internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgavene sine i samsvar med krav fastsatt i lov eller i medhold av lov. Kommunen må kunne gjøre rede for hvordan den oppfyller kravet til internkontroll. Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om internkontroll.*

Kommunestyret kan beslutte at oppgaver som følger av denne loven skal legges til et folkevalgt organ. Dette organet, som ikke kan være kommunestyret, skal ved behandling av klientsaker ha 5 medlemmer.»

Det er strenge krav til hvem som kan sitte i kontrollutvalgene, og det er oss kjent at ikke alle kommuner oppfyller disse kravene. Vi ønsker derfor at samtlige kommuner oppfyller de plikter som er underlagt denne lov, ved å enten regulere kontrollutvalgets medlemmer, subsidiert at kommunene oppretter eget kontrollorgan vedrørende barneverntjenesten.

Det er ordførerens ansvar å sørge for at kommunen har lovpålagt kontrollutvalg med de mandater dette medfører.

Foreningen Familie i barnevern har registrert at barneverntjenesten gjemmer seg bak taushetsplikten, også ovenfor kommunestyret, ordfører og rådmann. Departementets retningslinjer vedr. kontrollutvalg sier: «*Kontrollutvalget har en generell innsyns- og undersøkelsesrett i kommunen. Denne retten er ikke begrenset av at opplysninger er taushetsbelagte, og den gjelder opplysninger, redegjørelser eller*

